



FYLKESMANNEN I HORDALAND
Postboks 7310
5020 BERGEN

Dato: 28.11.2017
Vår ref.: 2017/16980-3
Saksbehandlar: sunschu
Dykkar ref.:

Spørsmål om tolking av opplæringslova §§ 8-2 og 3-12

I møte i Utval for opplæring og helse 28.11.2017 vart det i sak PS 119/2017 om Justering av tilbudsstrukturen 2018/19-klassemåla stilt spørsmål om korleis opplæringslova §§ 8-2 og 3-12 skal tolkast.

Bakgrunnen for saka er at dagens tilbod om særskilt språkopplæring ikkje er i tråd med regelverket. Deloitte gjennomførte ein forvaltningsrevisjon med Hordaland fylkeskommune sitt opplæringstilbod til minoritetsspråklege elevar med behov for særskilt språkopplæring. Rapporten vart levert i mai 2017 og har vore handsama i fylkestinget i juni 2017. Fylkestinget vedtok oppfølging av rapporten i 11 punkt, mellom anna at ein skal lage ein handlingsplan for oppfølging. Denne handlingsplanen skal handsamast i kontrollutvalet onsdag 29. november 2017.

Fylkesdirektør opplæring tolkar opplæringslova slik at elevar må kartleggast før eventuelt vedtak om særskilt språkopplæring etter oppl. § 3-12 vert fatta, jf. oppl. § 3-12 (4). Dersom tilbodet om særskilt språkopplæring skal skje i særskilt organisert opplæringstilbod, jf. oppl. § 3-12 (5) andre setning, må dette vere fastsett i enkeltvedtaket. Etter enkeltvedtak føreligg, kan vedtak om inntak verte gjort. Vidare kan slikt særskilt organisert opplæringstilbod vere i inntil to år, jf. oppl. § 3-12 (5) fjerde setning. Eit treårig tilbod vil vere i strid med oppl. § 3-12.

Fylkesdirektør opplæring tolkar opplæringslova slik at elevar har rett til å gå i ein klasse og at organiseringa til vanleg ikkje skal skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyr, jf. oppl. § 8-2. Der ein organiserer elevar i klassar basert på at dei har enkeltvedtak om særskilt språkopplæring etter oppl. § 3-12, vil dette ikkje vere i strid med oppl. § 8-2.

Er dette korrekt lovtolking av oppl. §§ 3-12 og 8-2?

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Sunniva Schultze-Florey
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Lenkjer:

Fylkestinget si handsaming av Deloitte si forvaltningsrevisjon 13.06.2017, sak PS 34/2017
<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=558>

Kontrollutvalet si handsaming av handlingsplanen 29.11.2017, sak PS 123/2017
<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=647>

Utdanningsdirektoratet si artikkel om saksgongen for særskilt språkopplæring: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/minoritetsspraklige/regleverk-som-gjelder-spesielt-for-minoritetsspraklige/sarskilt-sprakopplaring/Hvem-er-de-minoritetsspraklige-elevene/>

Utdanningsdirektoratet si rettleiar «Innføringstilbud til nyankomne minoritetsspråklige elever – veileder og eksempelsamling» <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Minoritetsspraklige/Veileder-Innforingstilbud-til-nyankomne-minoritetsspraklige-elever/>

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon Hordaland fylkeskommune Tilbodet til minoritetsspråkelge elevar Deloitte